



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 25, 4. august 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Samskipnaden bygger naust ved Rotevatnet

Studentsamskipnaden ønsker å bygge naust i osen av Rotevatnet, midt mellom Årneset og brua. Sivolda har inngått ein 50-årig leigeavtale med nausteigaren, og å rive to gamle naust og bygge nye er inne i avtalen. Nausta skal brukast til lagring av båt og kajakkar som studentar skal få disponere. Uteområdet ved nausta skal også opparbeidast til glede for brukarar av nausta og andre turgåarar.

[LES MEIR](#)



Nanna Jørgensen disputerer 26. august - har skrive om pilgrimsvandring

[Stipendiat Nanna Jørgensen](#) har fått godkjent avhandlinga si og [disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 26. august](#). Jørgensen har skrive ei avhandling om pilgrimsleia St. Olavsvegen til Trondheim i eit natur- og sosialt perspektiv. Professor Tor-Johan Ekeland, HVO, har vore hovudrettleiar på prosjektet som er gjennomført innanfor ph.d.-programmet som Høgskulen i Volda har i lag med Høgskolen i Molde.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Ein del ledige studieplassar

Her er oversyn over [ledige studieplassar ved Høgskulen i Volda](#).

Kvar skal studentane møte opp? Studieprogramansvarlege må informere på www.hivolda.no

Nye studentar må få beskjed om kvar dei skal møte opp på første dagen i studiet, og den informasjonen må studieprogramansvarlege formidle i Studiekatalogen på nettsidene våre. [Sjå til dømes korleis GLU har informert om dette](#) under "Tidspunkt for oppmøte og samlingar". Også fadderane treng denne informasjonen for å kunne føre sine fadderbarn fram til rett rom.

Gi studentane tilgang i Canvas

Etter 1. august kan studentar registrere seg for haustsemesteret og får då også tilgang til Canvas. Canvasrom bør difor publiserast snarast og om ikkje informasjonen er klar bør det stå ei forklaring om at innhaldet vil kome seinare. Både fagleg tilsette og studieadministrasjonen har tidlegare år fått mange spørsmål frå studentar som lurar på kvifor dei møter "tome" rom i Canvas.

Velferdsgruppa kjem på besøk - ting avtale på "Omsorgsturneen"

Velferdsgruppa ønsker å besøke alle nye studentgrupper, altså førsteårsstudentar, og ber om å få bruke 15 minutt av ei undervisningsøkt i løpet av veke 36-41. På denne korte økta vil representantar frå Velferdsgruppa presenterer tilbodet til Høgskulen i Volda med studierettleiar og tilrettelegging, Studentsamskipnaden med studentrådgjevar og psykologteneste, helsestasjonen for studentar, biblioteket sine tilbod til hjelpt i oppgaveskriving m.m., samtaletilbod med studenthumanist og studentprest, samt Studentparlamentet og deira viktige stemme inn i velferdstilbodet. Prorektor sende 1. august e-post til alle HVO med tittel "Studiestart - informasjon". Der er det lenke til skjema for bestilling av besøk frå velferdsgruppa.

Program for opningsdagen tysdag 16. august

Vi har i 2022 skunda fram studiestarten til klokka 11.00, slik at det skal verte litt betre tid til studieprogramma og avdelingane å gjennomføre dei studieprogramvise oppstartane. Per no ser programmet for studiestartdagen slik ut:

11.00: Ofisiell opning, bak Berte Kanutte-huset

11.45: Fadderveka: Fadrane samlar sine fadderbarn, og tar dei med til dei studieprogramvise oppstartane.

12.30: Studieprogramvise oppstartar.

Etter avtale med fadrane, men seinast 15.00: Fadrane kjem og henter dei nye studentane, fadderveka tek til.

[På den faste nettsida er det informasjon om studiestart.](#)

Rabatt på billetter i Aasentunet - gratis for studentar

Høgskulen i Volda er ein av stiftarane av Nynorsk kultursentrum. Alle HVO-tilsette får 30 prosent rabatt på inngangsbillett til utstillingar og omvisingar i [Aasentunet, Haugesenteret og Vinjesenteret](#). Prisen er då kr 70,- . Gi beskjed i kassa når du kjøper billett for å få rabatten. Studentar og barn har gratis inngang.

Gratis fjordcruise på Hjørundfjorden

Frå 1. juli har ferjene på Hjørundfjorden blitt gratis for alle. Det betyr blant anna at studentar kan dra på gratis fjordcruise om dei passar på å ta ei av dei to ferjene som går på fjorden. [Les meir om dette blant anna i Møre-Nytt \(+-sak\)](#). M/F Eid går mellom Sæbø og Leknes, medan M/F Kvernes går mellom Standal, Trandal, Skår og Sæbø. [Her er ruteoversyn på Fjord1 sine nettsider](#).

Fag og forskning

Stort journalistisk fellesprosjekt på Avdeling for mediefag: Nyhetsvurderinger 2.0

Mange tilsette ved Avdeling for mediefag/Institutt for journalistikk skal lage ein ny versjon av boka [Nyhetsvurderinger \(2012\)](#). I arbeidet med boka skal dei fagtilsette på avdelinga vere i seks nasjonale redaksjonar samtidig for å samle materiale til boka. Redaksjonane er NRK, TV 2, Dagbladet, Aftenposten, Nettavisen og VG. Dei fagtilsette som på ulike måtar er involverte i prosjektet er blant andre Idar Flo, Hild Nordal, Ivar John Erdal, Charlotte Loxley Helleland, Rebecca Nedregotten, Ellen Lexerød Hovlid og Paul Bjerke. Den nye utgåva av boka skal givast ut på Cappelen Damm Akademisk i 2023 med [førstelektor Steinar Høydal](#) som redaktør. Prosjektet har fått stønad både frå avdelinga og frå Pressens Faglitteraturfond.

Podkast: "Den mangfaldige nynorsken" - med bidrag frå HVO

Kulturtanken har laga podkast ut frå konferansen "[Den mangfaldige nynorsken](#)" som vart arrangert 28. april i Oslo i lokala til Kulturtanken og Riksteateret. Satsinga «Meir nynorsk i DKS» er eit nasjonalt prosjekt i samarbeid mellom Kulturtanken, Nynorsksenteret og fylka Møre og Romsdal, Vestland, Vestfold og Telemark. [Podkasten kan lastast ned frå denne nettsida](#). [Høgskulelektor Guro Kristin Gjøsdal](#), AHL/Nynorsksenteret, var blant dei som heldt innlegg på konferansen og er også med i podkasten.

Skaparkraft i Møre og Romsdal: Ny film

Møre og Romsdal har starta prosjektet Skaparkraft som skal styrke eksportnæringane i fylket. No har det vorte laga ein film som fortel om Møre og Romsdal som eksportfylke og næringane som står for eksporten. [Sjå filmen på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune](#).

Werenskjold inn i sveitsisk ekspertpanel

[Professor Rolf Werenskjold](#), HVO, har av Forskningsrådet i Sveits (Swiss National Science Foundation) vorte peika ut som medlem i eit ekspertpanel for vurdering av prosjektsøknader i det [tverrfaglege forskingsprogrammet Sinergia](#).

Styre og stell:

Høgskuledirektør: Emblem er på plass som mellombels direktør - stillinga er lyst ut

Frå 1. august 2022 tok [studiedirektør Ann Kristin Emblem](#) til som høgskuledirektør for ein mellombels periode fram til ny direktør blir tilsett i fast stilling. [Direktørstillinga er no lyst ut](#), med søknadsfrist 22. august. Karen Lomeland Jacobsen har flytta til Bergen og tek i august til i ny stilling i konsulentfirmaet Deloitte.

Forskingsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

Lyser ut midlar til utanlandsopphald: Søknadsfrist 15. august

Stipendiatar og fagleg tilsette ved HVO kan søkje om støtte til utanlandsopphald. Føremålet er å medverke til auka mobilitet, stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Støtta skal brukast til å dekke dokumenterte meirkostnadar ved forskingsopphald i utlandet, primært utgifter til reise og bustad. Det kan vere høve til å søkje om støtte til å ta med familien på utanlandsopphald. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

Nytt om namn på HVO

Auka stilling for studentpresten

Studentprest Ruth Eva Sollie har fått utvida stillinga som Studentprest ved Høgskulen i Volda frå 20% til 50 %. Studentpresten er blant anna med i Velferdsgruppa. [Her er ein presentasjon Ruth Eva Sollie og dei andre medlemmene av velferdsgruppa.](#)

Nytt om tilsette

Det er svært mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust, og mange av dei har ikkje fått på plass bilde av seg sjølv på si personlege side på www.hivolda.no. Dei blir med dette oppmoda til å få det på plass, så det kanskje blir lettare å bli kjent med mange nye ansikt.

Fellesadministrasjonen:

Marius Jensen-Ringstad har teke til som lærling på IT.

Jonathan Vik Westre har teke til som lærling på IT.

Sindre Slettedal Sandbakk har vorte tilsett i fast stilling som rådgjevar på IT.

Kari Sømme har teke til i fast stilling som seniorkonsulent på internasjonalt kontor.

AHL:

[Kari Bachmann](#) har fått opprykk til professor.

Guro Bjørnevik har teke til som stipendiat.

Erik Egeland har teke til i fast stilling som førsteamanuensis RLK.

Håvard Festø har teke til i vikariat som høgskulelærer språk og litteratur.

[Gunhild Verås Grimstad](#) har teke til i fast stilling som rådgjevar ved GLU.

Ingrid Vee Hagestuen har vorte engasjert som høgskulelærer ved institutt for språk og litteratur.

Yulia Hathaway har teke til som stipendiat.

[Hildegunn Hovde](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor på Nynorsksenteret.

[Brage Herlofsen](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor institutt for språk og litteratur.

Carien Lærum har vorte engasjert som rådgjevar PPU.

Finn Erik Marstrander har teke til i vikariat som høgskulelærer på AHL/DKL.

Bente Torkildsen Michli har teke til i vikariat som høgskulelektor pedagogikk.

[Synnøve Moltudal](#) har teke til i fast stilling som førsteamanuensis pedagogikk - ho kom frå stilling på AHL/DKL.

Trude Nordal har teke til som stipendiat.

[Joakim Olsson](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor AHL/DKL.

Isabella Pareliussen har teke til i fast stilling som høgskulelærer.

[Jorid Saure](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor på Nynorsksenteret.

[Bjørn Smestad](#) har fått fast stilling som dosent II.

Stine Bjerkhagen Standal har teke til i vikariat som høgskulelektor ved institutt for språk og litteratur.

Lena Svendheim har teke til i vikariat som høgskulelektor på AHL/DKL.

[Hege Lende Sørbråten](#) har teke til i vikariat som høgskulelektor på språk og litteratur.

Guro Tafjord har teke til i fast stilling som høgskulelektor i språk og litteratur.

[Siri Vågene](#) har fått fast stilling som høgskulelektor språk og litteratur.

Morten Stene har teke til i stipendiatstilling.

Wen Ge har teke til i stipendiatstilling.

AKF:

Arve Haugland har fått forlenga vikarstilling som høgskulelektor.

[Rune Johan Krumsvik](#) har fått forlenga kalling som professor II.

Håvard Kårstad har fått fast stilling som driftsteknikar på idrett og friluftsliv.

[Knut Einar Lillebø-Voll](#) har fått fast stilling som høgskulelærer på kunst og handverk
[Kristin Røy](#) har mellombels flytta frå Studieadministrasjonen til AKF for 12 månader.

[Tore Sørheim](#) har fått forlenga vikariat som høgskulelektor på idrett og friluftsliv

AMF:

Matteo Baratella har fått forlenga vikariat.

[Kristine Bjørneset](#) har vorte engasjert som administrasjonssjef på AMF i 6 månader.

Øyvind Johan Heggstad har fått fast stilling som høgskulelærer på institutt for journalistikk.

Roe Myklebust Hjelmeseth har teke til i vikariat som førstekonsulent på AMF Adm.

[Jørgen Warvik Lyngvær](#) har fått eitt års permisjon.

Isak Andersen Okkenhaug har fått fast stilling som høgskulelektor på institutt for film og animasjon.

Rory Thompson har teke til i vikariat som høgskulelektor på film og animasjon.

[Tormod Utne](#) har fått eitt års permisjon.

Arnbjørg Åmdal Aagesen har fått eit engasjement som høgskulelærer film og animasjon.

ASH:

Kjetil Børhaug har fått forlenga kalling til 20 % stilling som professor II til 31.7.2026.

[Viktorija Arsenjeva](#) har teke tili fast stilling som seniorkonsulent.

Tone Jørgensen har vorte kalla til 20 % stilling som førsteamanuensis II.

Studentassistentar:

Desse studentane har fått tilbod om å bli studentassistentar for perioden 1.8.2022 – 31.12.2022:

Wiebke Gerdes
Hante Hamel
Salla Kukko
Zenia Vallebæk Gregersen Vik
Mats Ekeberg
Daria Jermacane
Kristina Mari Tubbene Roald
Andrea Bjorgolfsdottir
Olav Amar Sherpa Rangsaeter-Kråkenes
Nora Skansen Skranefjell
Synnøve Olsen Tangen
Vibeke Kristin Rødal
Ida Katrin Tofte Berg
Irmelin Johanne Angell Losvik
Mathilde Ulnes Bernhoft-Osa
Margrethe Lundsgaard Danielsen
Opal Mariell Solrundatter
Regine Skogmo Grøtte
Mads Bjørge Ankarstrand
Tobias Thomasgaard Osvik
Magnus Rønning Aasprong
Linda Digernes

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

ASH-tilsette har skrive "Handbok for førstegongsforskaren"

Fire tilsette på ASH har skrive ei bok som rettar seg mot studentar som skal skrive oppgåver basert på empiri. Boka har tittelen "[Handbok for førstegongsforskaren](#)" og forfattarane av boka er [professor Roar Stokken](#), [høgskulelektor Ellen Andenes](#), [professor Finn Ove Båtevik](#) og [professor Bjarte Folkestad](#). [Boka er gitt ut på Fagbokforlaget](#).

Kirsti Kverndokk Bjerkan og Kjetil Høydal har publisert i tidsskrift på Springer

[Stipendiat Kirsti Kverndokk Bjerkan](#), ASH, og [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF, har saman med 8 andre medforfattarar publisert artikkelen: "[The Long-Term Impact of Postoperative Educational Programs on Weight Loss After Roux-en-Y Gastric Bypass](#)" i tidsskriftet "Obesity Surgery" som vert gitt ut av Springer. Bjerkan var førsteforfattar av artikkelen. Blant medforfattarane var også to tilsette i Helse Møre og Romsdal: Jorunn Sandvik og Dag Arne L. Hoff. Kjetil Høydal er medrettleiar for Bjerkan på hennar doktorgradsprosjekt.

Ådne Meling om ideologi i samfunnsfaget i grunnskulen

Tidsskriftet "Social Sciences and Education Research Review" publiserte i juli ein artikkel av [førsteamanuensis Ådne Meling](#), ASH, om ideologi i den noverande norske læreplanen i samfunnsfag for grunnskulen. Artikkelen har tittelen: "[Political-ideological normativity in Norwegian primary and lower secondary social studies education: An analysis of current learning objectives](#)" Meling var tilsett ved USN då han arbeidde med artikkelen, men er no tilsett ved HVO. I ei sakkunnig-vurdering signert av sosiologane Arve Hjelseth, Turid Rødne og Rune Åkvik Nilsen er publikasjonen omtalt som "interessant, tankevekkende og faglig solid".

HVO-stipendiat deltok i internasjonal film-jury

[Stipendiat Annette Gjerde Hansen](#) forskar på film, samfunn og religion og har også erfaring frå juryarbeid for fleire norske og internasjonale filmfestivalar. Sommaren 2022 var ho jurymedlem i filmfestivalen i Karlovy Vary i Tsjekkia, og var [ein av tre medlemmer i den økumeniske juryen](#). Festivalen i Karlovy Vary er ein av verdas eldste filmfestivalar og har status på linje med dei meir kjende filmfestivalane i Cannes og Berlin.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

Høgskulelektor drama og teater - søknadsfrist 5. august 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag er det ledig inntil 50 % fast stilling som høgskulelektor i drama og teater. Stillinga er knytt til Institutt for teater.

Stillinga er knytt til institutt for teater og tilbyr bachelorgradstudium og årsstudium i teater og drama. Instituttet driv også emna Kunst, kultur og kreativitet og Småbarnspedagogikk i barnehagelærerutdanningane, samt vidareutdanning i Forteljning og Voice Acting. I tillegg tilbyr instituttet dramakurs i grunnskulelærerutdanningane 1-7 og 5-10, samt i barnevern og sosionomutdanningane. Vi tilbyr også ekstern kursverksemd i m.a. forteljning, museumsformidling, og teater i barnehagen.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Høgskuledirektør - søknadsfrist 22. august 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast stilling som høgskuledirektør. Den nye direktøren tek til snarast råd.

Høgskuledirektøren har saman med vald rektor ansvaret for den daglege leiinga av institusjonen og har styret for høgskulen som næraste overordna instans.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærerutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen (DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Medieingeniør til medieutdanninga i Volda - søknadsfrist 1. september 2022

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda har flytta inn i nytt mediebygg og treng fleire tilsette.

Vi utvidar no den tekniske staben og har omgåande ledig ei heil fast stilling som medieingeniør. Stillinga vil ligge under fellesadministrasjonen ved avdelinga.

Det medietekniske fagområdet er inne i ei rivande utvikling med nye løysingar for innhaldsproduksjon og publisering, og broadcast og IT smeltar meir og meir saman. Vi ønsker oss difor ein person som er opptatt av innovasjon og utvikling, men som også kan bidra godt inn mot dagens løysingar. Stillinga vil saman med den øvrige tekniske staben ha ansvar for utstyr og tekniske løysingar, rettleiing og support.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for opptatt kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

10.-11.8.2022: Seminar for rektors leiargruppe: Studiekvalitet, Loen

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)

26.8.2022: [Disputas Nanna Jørgensen](#), HVO

4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)

1.9.-3.9.2022: [ITAC Teaching Artist verdskonferanse \(SEANSE\)](#), Oslo

9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO

23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)

29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)

6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO

24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)
27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

21.6.2022: [Sommarhelsing frå rektor](#)
15.6.2022: [Orientering til høgskulestyret på møtet 16. juni](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)